




Gaute Haugland stillar ut dette måleriet.

Torsdag kveld opnar den sjuande Kvinnherad kulturfestival på Husnes og det blir 12 arrangement fram til sundag. Ikkje minst vil den storstila kunstutstillinga gjera inntrykk: 39 kunstnarar frå kommunen stiller ut 76 kunstverk i biblioteket. Tre av dei er frå Uskedalen - Gaute Haugland, Magnus Sæle og Camilla Myklebust.



[Camilla Myklebust stillar ut dette måleriet.](#)

Kvinnheringen skriv om utstillinga at det er mykje bra både for synet og ettertanken. Måleria er i fleirtal men det er og foto, teikningar, tekstil, vev og skulpturar. Den yngste kunstnaren som stillar ut er 17 år gamle Silje Vågan medan den eldste er 80-åringen Magnus Sæle.

Utstillinga vil ein kunne sjå heilt fram til 5. mars.

Det blir ei poetisk opning med Mona Vetrhus (også ho frå Uskedalen) og Kari Malmanger (frå Rosendal). Mona fortel at det blir musikk og dikt om blant anna fjorden, hjortar, redsle og kjærleik.

Born frå første til tredje trinnet på Halsnøy og frå skulane frå Skarveland til Uskedalen får fredag ein annleis skuledag. Då kjem Tore Kloster for å framføra teaterstykket 'Kongen og Harlekim' og han har med seg Olav Veierød og Ingrid Eriksen Hagen.

Laurdag er det frivilligdag med fleirkulturell lunsj. Då vil ei rekkje organisasjonar og lag visa seg fram.

Dei aller fleste som entrar scena under festivalen er anten lokale eller har lokal tilknytning.

Av Ola Matti Mathisen